

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 28

Fylke: Møre og Romsdal

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Veøy

Emne: Drykk til maten til
kvardags.

Bygdelag: Rødven

Oppskr. av: Eiliv Sandnes.

Gard: Skulehagen

(adresse): Rødven

G.nr. 58 Br.nr. 2

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

DRIKK TIL MATEN TIL KVARDAGS.

Mjølkk.

1. Bruken av nysilt mjølkk har auka i manns minne; men det var vel brukt meir sur mjølkk i ymse former før. Oppkokt surmjølkk ("sprengt") var mykje meir brukt før enn no.

2. Mjølkk som leskedrykk utan at ein åt, var brukt før og.

3. Mjølkkblande dei kalla var brukt mykje før. Det var surmjølkk (skyr), myse eller saup, dei blanda med vatn. No er desse blandingar lite brukt.

x4x Øl.

4. Heimebryggja øl som kvardagsdrykk har ikkje vore brukt i manns minne. Det var berre i slåttonna det var vanleg å bryggja her. Dette varte no ei stund uti dette hundradår, men er no heilt slutt .

Kaffi.

5. Kva tid og til kva høve dei tok til å drikka kaffe, veit ein ikkje å seia so plent, men truleg mellom 1860-70. Og då var det vel ved samankomster som brudlaup og gravferd.

6. Kvardagsdrykk var det kanskje ikkje enno.

7. No drikk ein kaffe 3 og 4 gonger om dagen.

8. Kaffien vert vel laga på ymse vis. Ein kan ha malen

5754

kaffi (grov eller fin) oppi kokande eller i kaldt vatn. Det vert gjort so ymse. Å trakte kaffien er lite brukt. Å salta kaffien er det slutt med no , likeeins er klåre-skinn lite brukt. Å spå i kaffien kan ein vel ikkje seia er brukt.

9. Sukker til kaffien er ikkje brukt no , når det er sukkerrasjoning, men var mykje vanleg før. I kring 1. verdskrig kokte dei sukker til plater sjølve. Før var det hogd og klypt toppsukker og dels brunsukker (kandis).

10. Ein brukar fløyte eller fløyte som er utblanda med mjølk, i kaffien. Å vispa egg i kaffien er ukjendt.

Te.

11. Te til kvardags er ikkje vanleg. Te av heimlege planter har vore brukt og . Det kunne vera av tyteberlyng, bringeberblad og epleskal .

Brennevin.

12. Å seia noko om kor mykje brennevin dei brukte til kvardags er vel no uråd å ~~gjera~~. I 1830 - 40 åra var det liksom verst med heimebrenning og dermed fylgjande brennevinsdriking. Ein og annan tok då til å sjå at det bar gale til, og arbeidde for "Maadehold". I ein "memorial" frå 1835 av ein gamal lærar, kan ein finna at har gjort som ein lovnad: "Jeg vil aldrig ved jevnlig
"Nydelse af Morgendram vænne mig til Bræneviin, aldrig indlemme mig i saadanne Selskaber hvis Fornøielse bestaar i Bræneviins Nydelse, stedse skye alle Anledninger til Beruselse, og udøve den største Maadehold i alle de Selskaber jeg maatte bivaane".

Som ein ser var det enno vanleg med "Morgendram", men ikkje nemnt at det var brukt til andre tider på dagen.

I onnetider var det vel ølet som var drykken.

Nyare drykk.

13. Kjøpt drykk til kvardags, slik som ølsortar og brus, er ikkje vanleg.

5754